



Gospelkoret Abraham kjem til Uskedalen og Rosendal for å markera at Lina Håland sluttar som sokneprest og tek til i ny stilling i Sandnes.

Når Lina Håland no sluttar som sokneprest i Uskedalen og flyttar til Sandnes, er det lagt opp til konsert og ei rekkje markeringar i Kvinnherad. Koret hennar, Abraham, kjem til Rosendal laurdag 17. november med konsert. Koret vert med på sluttgudstenesta i Uskedal kyrkje dagen etter, søndag 18. november. Gospelkoret Abraham var i 2014 med på ordinasjonen i Husnes kyrkje. Koret had den gongen også konsert i Uskedalen.

Gospelkoret Abraham tel 30 dyktige songarar frå Sandnes, Stavanger og Jæren. Songane er arrangert av deira eigen musikalske leiar, Bjarte Ledning. Turen til Kvinnherad vert rekna som årets høgdepunkt. Det er for koret ei sosial og musikalsk reise. Gudstenesta i Uskedalen vil få eit gospelpreg med songar der Lina Håland er solist.

Gospelkoret Abraham vil også stå fram med frisk song og musikk på Husnes Butikksenter på laurdagen i 13 tida.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Abraham